

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Opland
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Etnedal
 Emne: Beit og brom Bygdelag: "
 Oppskr. av: Lærer Martin Lundstein Gard: Heile bygd i
 (adresse): Bruflat G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Her i Etnedal har mange, so lenge ein veit, brukt å rise og köyra heim beit til kröteri. Desse forslagi kalla dei ris og beit. Andre navn er ukjente her. Til nautskröter vart nytta björkeris, til småkröteri beit av gran og furu.

2

Å hente björkeris kallast å rise. Var det beit til småkröter, som skulde hentast, sa dei berre at dei skulde köyra heim beit. Dei köyrde på ein vanleg höyslede eller drog på skikjelke.

3

Gran og furubeit vart henta når som helst om vinteren, ris til små nautskröteri sist på vinteren. Heile tre vart ofte nedhogne og avkvista heime.

4

Når dei riste, kunne dei bruke enten lauvkniv eller öks. Skulde ein hente beit, bruktest berre öks.

5

Björkeriset vart aldri blanda med anna for, men gjeve heilt. Småkröteri åt beitet ute av beitekosten, som gjerne stod opreist ved låvebrui eller fjösveggen. Mangestad slepte dei ogso ut ungfø, so dei og kunne eta av beitet ute. For 50-60 år sidan kunne ein sjå slike beitekostar fort vekk på gardane. No ser ein mest aldri slike, etter at folk vart vyrkare med skogskjötse-

len. Unge bartre blir ikkje no nedhogne til beit
annanstads enn der skogen står for tett. Derimot blir topp
og kvist etter timberhogsten köyrt heim til beit,
når höve til det byd seg. Dette blir då og reist opp som
beitakost.

7

Skikken at ein langfredag skulde hente beit, er ukjent
her.